



Strategi

2017 - 2022



HELSE BERGEN

Haukeland universitetssjukehus

Innhald

Innleiing	3
Strategimodell	5
Pasientperspektiv i alt vi gjer	6
Dyktige, engasjerte og involverte medarbeidarar	11
Openheit om prioriteringar	14
Forskning, innovasjon og utdanning som utviklar tenestene	16

Vi blir stadig fleire. Vi lever lenger, og utviklinga i teknologi og medisin gir oss heile tida nye moglegheiter for diagnostikk og behandling. Det er ei god utvikling.

Samtidig må vi førebu oss på at det kan bli knappare ressursar både når det gjeld pengar og helsepersonell i åra som kjem. Det gir oss utfordringar når vi veit at det blir ein stor auke i dei vanlegaste sjukdommane som kreft, psykiske lidingar og infeksjonar, og mange pasientar får fleire sjukdommar samtidig.

Helsetenester av god kvalitet skal medverke til god helse og livskvalitet, og gjere sitt til at pasientane kan meistre eigen sjukdom. Pasientane skal få ei trygg, heilskapleg og likeverdig behandling med høg kvalitet og effektivitet når dei treng det. Vi må difor sikre at ressursane er rettferdig fordelt, og vere opne om dei prioriteringane vi gjer.

Dei gode fagfolka, den gode kliniker, er ein berebjelke i arbeidet med å skape pasientane si helseteneste. For å lukkast i åra som kjem, må vi rekruttere, utvikle og behalde dyktige, engasjerte og involverte medarbeidarar.


Som eit av fire regionsjukehus i Noreg vil vi vere ein pådrivar i utvikling av tenestene. Det betyr at vi vil vere heilt i front innan sjukehusbehandling. Dette gjeld for dei regionale og nasjonale funksjonane våre, og for utdanning, forskning og innovasjon som vidareutviklar diagnostikk og behandling.

På bakgrunn av dei utfordringane som ligg framfor oss, har vi løfta fram fire tema i strategien: Pasientperspektivet, medarbeidarane, prioritering og forskning-innovasjon-utdanning.

Innføring av ny teknologi og nye måtar å jobbe på, er avgjerande for å kunne gi god pasientbehandling i framtida. Forbetringsarbeid er gjennomgripande i dette: Vi vil derfor utvikle ein kulturdermedarbeidararogleiararsamanmed pasientane og pårørande forbetrar tenestene.

I fellesskap skal vi utvikle sjukehuset med pasientperspektiv i alt vi gjer.

Strategien bygger på dei analysane og måla som er gitt i Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse2035 og andre nasjonale og regionale føringar. Det betyr at strategien ikkje er uttømmmande på kva som skal skje i sjukehuset dei fire neste åra, men peiker på dei områda som sjukehuset må arbeide spesielt med. Meir utfyllande handlingsplanar som gjeld for heile sjukehuset og i enkeltavdelingane, vil bidra til å oppfylle dei måla som er sett.





Pasientperspektiv i alt vi gjer

Vi veit at mange av pasientane våre ønskjer å ta aktiv del i si eiga behandling, og at eigeninnsats gjer at dei opplever auka grad av myndiggjering og meistring. Det vil vi som sjukehus legge til rette for. For å forstå kva som er viktig for den einkilde pasient, vil vi lytte til pasienten og dei pårørande. God kommunikasjon er avgjerande for å gi pasientar helsetenester av god kvalitet, for å stimulere til eigeninnsats og gi ei realistisk forventning til kva sjukehuset kan levere.

Erfaringane frå pasientane og dei pårørande gir verdifulle innspel til arbeidet med å forbetre tenestene. Systematisk bruk av tilbakemeldingar må derfor vere ein naturleg del av kvardagen på alle avdelingar. Helsetenester av god kvalitet betyr også at pasientane får trygge, samordna tenester som følgjer ein plan som er kjend for dei.

Dette handlar om samarbeid internt på sjukehuset, samarbeid med kommunehelsetenesta, andre sjukehus, avtalespesialistar og private helsetenester. Vi vil derfor organisere arbeidet ut frå kva som er det beste for pasientane, uavhengig av avdelingar og tenestenivå. Vi trur ny teknologi kan gi pasientane ei betre teneste, enklare kontakt med sjukehuset og frigjere tid til andre oppgåver for helsepersonell.

Vi investerer i bygg, utstyr og infrastruktur for å gi pasientane betre tilbod og bidra til meir effektiv ressursbruk. Nytt barne- og ungdomsjukehus er det største prosjektet i strategiperioden. Saman med pasientane og pårørande skaper vi pasientane si helseteneste.



PASIENTPERSPEKTIV I ALT VI GJER

Kva har vi oppnådd innan 2022:

- Pasientane opplever at dei får god helsehjelp, blir høyrte og får informasjon som sikrar medverknad og myndiggjering
- Pasientane får helsetenester med høg kvalitet tilpassa deira mål og behov
- Openheit om behandlingsresultat
- Pasientskadar er redusert med minst 25 prosent innan 2022
- Pasientane opplever samanheng i tenestetilbodet i sjukehuset og på tvers av tenestenivåa
- Standardiserte pasientforløp inkluderer minst 60 prosent av pasientane
- Ei klårare oppgåvedeling mellom sjukehus, kommunane og dei private habiliterings- og rehabiliteringsinstitusjonane
- Betre og tidlegare hjelp til barn og unge med samansette behov
- Forbetra tenestetilbod til storbrukarane slik at dei har mindre behov for sjukehusinnleggingar
- Det er sett i verk tiltak for å auke levealderen til pasientar med rusproblem og alvorleg psykisk sjukdom
- Forbetra mottaksmodellen for å sikre lokal-sjukehusstilbodet og frigjere kapasitet i dei høgspesialiserte tenestene
- Vi prioriterer regionssjukehusfunksjonane, har ei tydelegare funksjonsfordeling og jobbar i team med dei andre sjukehusa i regionen

RESPEKT
TRYGGLEIK
KVALITET

Kva gjer vi for å nå måla for 2022:

- Brukarerfaringar er ein fast del av arbeidet med å forbetre tenestene
- Aukar bruken av pasientrapporterte data i klinisk praksis
- Vidareutviklar systemet for handtering av avvik for å identifisere og lære av feil
- Har tilgjengeleg og oppdatert informasjon til pasientar og pårørande som gjer dei i stand til å ta aktiv del i behandlinga
- Gir opplæring som del av forløpa, og er i front i utvikling og bruk av teknologi slik at pasientane er betre i stand til å meistre eigen sjukdom
- Vidareutviklar samarbeidet mellom fastlegar og sjukehuslegar for å betre forløpa til pasientane, og sikrar støtte for dette i IKT-systema
- Lagar standardiserte pasientforløp som sikrar samanheng i tenestetilbodet
- Vidareutviklar kompetansedeling og samarbeid med kommunehelsetenesta og dei private institusjonane om rehabilitering og habilitering
- Styrker det forpliktande samarbeidet og legg til rette for integrasjon mellom psykisk helsevern, rus og somatikk
- Sikrar likeverdig tilgang til somatiske helse-tenester for pasientar med rusproblem og alvorleg psykisk sjukdom
- Utviklar forløp for pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester saman med kommunane
- Sikrar at storbrukarane får tilpassa behandling på rett nivå basert på analysar av pasientgruppa og deira behov
- Sikrar at nasjonale og regionale funksjonar er heilt i front når det gjeld diagnostikk og behandling

EVALUERE • KORRIGERE • PLANLEGGJE • GJENNOMFØRE



Dyktige, engasjerte og involverte medarbeidarar

Sjukehuset er kjent for å gi behandling av høg kvalitet, og er blant dei fremste i landet innan fag og forskning. Denne statusen forpliktar, og er samtidig viktig for å rekruttere og behalde dyktige medarbeidarar. Dei beste fagfolka ønskjer å jobbe i dei beste fagmiljøa.

Tillitsvalde, vernetenesta, medarbeidarane og leiarane medverkar til eit godt arbeidsmiljø som er prega av tillit, openheit og respekt. Det betyr at vi har opne prosessar med respekt for kvarandre sin kompetanse når vi tar avgjersler som får betydning for pasientar og medarbeidarar. Slik byggjer vi tillit. Openheit, respekt og tillit er også grunnlag for gode læringsmiljø

der medarbeidarane utvekslar kompetanse og erfaring. Dei same verdiane er viktige i utvikling av modellar for funksjonelle team.

Vi veit at medarbeidarane ønskjer å medverke i utviklinga av sjukehuset, og vil ta ansvar for å forbetre tenestene. Arenaer som legg til rette for kommunikasjon og samhandling internt på sjukehuset er nødvendig for involvering og opne prosessar. Leiarar viser veg i forbetningsarbeidet. Det er derfor viktig å fortsette satsinga på å auke kompetansen hos leiarane, og legge til rette for at dei kan bruke tida si på dei rette oppgåvene.



DYKTIGE, ENGASJERTE OG INVOLVERTE MEDARBEIDARAR

Kva har vi oppnådd innan 2022:

- Vi møter pasientar, pårørande og kollegaer med høg kompetanse, respekt og openheit
- Vi har medarbeidarar som er trygge, trivst og er stolte av arbeidsplassen sin
- Vi har leiarar som løyser oppgåvene i samarbeid med medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta
- Forbetringsarbeid er ein del av arbeidskvardagen for alle tilsette

- Medarbeidarar jobbar i team når det har verdi for pasientane
- Vi har frigjort tid ved å forenkle pasient-administrative og andre administrative system
- Som regionsjukehus tar vi initiativ til og er pådrivar i faglege nettverk i regionen

RESPEKT
TRYGGLEIK
KVALITET

Kva gjer vi for å nå måla for 2022:

- Utviklar kompetansen hos medarbeidarane og leiarane gjennom heile yrkeslivet
- Vidareutviklar leiarutdanninga i sjukehuset
- Vidareutviklar opplæring og trening i kommunikasjon og etikk
- Styrker rettleiingskompetansen til medarbeidarane for å sikre at vi er ein organisasjon der medarbeidarane lærer av kvarandre
- Styrker opplæringa i kvalitetsforbetring og HMS-arbeid

- Evaluerer arbeidsprosessane og forbetrar/forenkler der det er mogleg
- Utviklar modellar for teamarbeid og gjennomfører simulering og ferdigheits-trening i team
- Gjennomfører rasjonell arbeidsdeling mellom faggrupper
- Vidareutviklar intranettet med eit nytt verktøy for informasjonsflyt og samhandling
- Involverer medarbeidarar i utvikling av IKT-system



Openheit om prioriteringar

Vi ønsker å vere opne om kvifor og korleis vi prioriterer. Dette er nødvendig for å få forståing både i og utanfor sjukehuset for vanskelege avgjersler. Ei slik openheit er også viktig for at pasientar, pårørande, medarbeidarar og samarbeidspartnarar skal kunne gi verdifulle innspel til prioriteringane.

Sjukehuset vil bruke dei ressursane samfunnet har stilt til disposisjon på ein best mogleg måte. For å få til dette, treng vi at alle medarbeidarar og leiarar er bevisste på behovet for prioriteringar.

God utnytting av ressursane betyr at vi ser på korleis vi har organisert det samla tilbodet vårt, både lokalt og i regionen. Det handlar om kvar vi gir ulike tenester, korleis oppgåver og ressursar er fordelt i ulike delar av tenesta og i kva rekkefølge vi gjer oppgåvene.

Prioriteringar skjer også i kvardagen til alle medarbeidarane, der vi må sjå behovet til den ein-skilde pasienten opp mot behovet til dei mange. Vi brukar kriteria i prioriteringsmeldinga: Jo meir alvorleg ein tilstand er, eller jo større nytte eit tiltak har, jo høgare ressursbruk kan akseptast.

Innbyggerane skal vere trygge på at sjukehuset har ressursar til å gi helsehjelp av god kvalitet når dei treng det. Vi vil derfor identifisere og fjerne undersøkingar som ikkje gir verdi for pasientane, overbehandling og tiltak som ikkje har dokumentert effekt. Samtidig vil vi prioritere pasientgrupper som har underforbruk av helsetenester. Slik sikrar vi at vi brukar ressursane rett. Vi har tru på å jobbe saman med kommunehelsetenesta og andre aktørar for å gjere felles prioriteringar.

Kva har vi oppnådd innan 2022:

- Betre samarbeid med kommunehelsetenesta og avtalespesialistar, der vi støttar opp under prioriteringane til kvarandre
- Den akuttmedisinske kjeda er tydeleggjort i samspel med kommunane og dei andre sjukehusa i regionen
- Pasientgrupper som har underforbruk av spesialisthelsetenester er identifisert og tilbodet er justert
- Overdiagnostisering og overbehandling er redusert, og pasientretta tiltak som ikkje har verdi, er fjerna

Kva gjer vi for å nå måla for 2022:

- Aukar kompetansen på prioritering og har open dialog om dei vala vi gjer
- Tar i bruk verktøy som støttar prioriteringsprosessane
- Styrker kompetansen hos helsepersonell i å ta kliniske avgjersler
- Brukar metodevurdering før innføring av nye metodar i rutinebehandlinga
- Tar i bruk ny teknologi i diagnostikk og behandling der dette gir betre kvalitet og god utnytting av ressursane
- Samarbeider internt og eksternt om tiltak for å hindre overdiagnostisering, overbehandling og dobbeltrekvirering

- Bruken av breispektra antibiotika er redusert med 30 prosent innan 2020 og blir halde under dette nivået
- Ei stabil og sikker infrastruktur
- Brukstida på areal og utstyr er auka slik at det støttar gode pasientforløp og er tilpassa dei behova pasientane har
- Tatt ut gevinstar gjennom bruk av regionale og nasjonale selskap som vi eig i lag med andre føretak

- Avsluttar gamle behandlingstilbod når nye er utvikla
- Gjer systematiske samanlikningar med andre for å identifisere tiltak som minimerer uønskt variasjon
- Etablerer samarbeidsarena for sjukehusa i regionen for å få betre funksjonsfordeling til det beste for pasientane
- Kompetanse, kapasitet og infrastruktur blir systematisk gjennomgått for å sikre beredskap i sjukehuset tilpassa behovet for sikker drift
- Brukar logistikkunnskap for å planlegge og organisere arbeidsprosessane på tvers av einingar
- Medverkar i utviklinga av dei regionale og nasjonale selskapa vi eig i lag med andre føretak



Forsking, innovasjon og utdanning som utviklar tenestene

Haukeland universitetssjukehus er eitt av fire regionssjukehus i landet. Regionsjukehuset skal vere leiande innan forsking, innovasjon og utdanning for å sikre at vi også i framtida fyller rolla som hovudsjukehus i regionen. Dette krev god infrastruktur og tett samarbeid med forskings- og utdanningsinstitusjonar og andre samarbeidspartnarar, mellom anna i næringslivet. Vi ligg langt framme når det gjeld helseregister, organisering av biobank og teknologiutvikling, og det ligg store moglegheiter i å utnytte dei betre framover.

Utvikling av helsetenestene er avhengig av både den spissa, høgteknologiske forskinga og nyvinningar i dagleg innovasjon og kvalitetsforbetring. Nyskaping og utvikling av tenestene krev kompetanse innan forbetring, innovasjon og grunnleggande forskingsmetodikk.

Spesialisthelsetenesta skal legge vekt på pasientretta, klinisk forsking for å utvikle ny diagnostikk og behandling. Forskinga skal også vise kva nytte og kostnader ulike behandlingsmetodar har og vere til hjelp i prioriteringar. Helsetenesteforskingersentralt for å undersøke effektar ved endringar i måten vi jobbar på. Eit satsingsområde for forsking og innovasjon er samhandlinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, og korleis pasientane skal få heilskapelege tenester tilpassa dei behova dei har.

Regionsjukehuset er ein viktig arena for utdanning av helsepersonell. Måten vi legg opp utdanninga, er med på å sikre at vi har helsepersonell som har kompetanse på forsking og innovasjon.



FORSKING, INNOVASJON OG UTDANNING SOM UTVIKLAR TENESTENE

Kva har vi oppnådd innan 2022:

- 20 prosent av forskingsmidla er eksterne, 5 prosent av totalbudsjettet går til forskning, og forskingspoenga til sjukehuset er auka til 1000
- Sjukehuset har det mest etterspurde utdanningsløpet for legespesialister i landet
- Betre samarbeid med utdanningsinstitusjonar som sikrar utdanning av viktige yrkesgrupper for sjukehuset
- Talet på innovasjonsprosjekt i sjukehuset er auka
- Auka helsetenesteforskinga gjennom samarbeid med universitet og høgskular
- Haukeland universitetssjukehus ligg i front i forskning, har forskingsmiljø som er internasjonalt anerkjent og er tildelt minst eit senter for framifrå forskning
- Som regionsjukehus er Haukeland universitetssjukehus pådrivar i samarbeidet med dei andre sjukehusa, kommunane og næringslivet i regionen

Kva gjer vi for å nå måla for 2022:

- Vidareutviklar samarbeidet med utdanningsinstitusjonane for å sikre rett innhald og kapasitet i utdanninga av personell
- Saman med samarbeidspartnarane våre utviklar, deler og utnyttar vi infrastrukturen til forskning og innovasjon betre
- Betrar synleggjeringa av forskning og innovasjon internt og eksternt
- Sikrar at pasientar bidrar i planlegging og gjennomføring av forskingsprosjekt
- Legg til rette for gode utdanningsløp, der vi også gir legar i spesialisering moglegheit for praksis gjennom Avdeling for internasjonalt samarbeid og opplæring i forskingsmetodikk
- Integrerer forskning og innovasjon i klinisk verksemd og utnyttar potensialet i at denne er tverrfagleg
- Legg til rette for forskning og kompetansedeling ved at fleire kan arbeide både i sjukehus og universitet/høgskular
- Utviklar oss som lærebedrift og tilbyr praksis til ulike yrkesgrupper



